


REGJERINGSADVOKATEN

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo



Dykkar ref
200903183-/JRS

Vår ref
2009-0452 GOH/THS

Dato
16.07.2009

HØYRING – FRAMLEGG TIL LOVENDRING OG FORSKRIFTSFØRESEGNER OM UNNTAK FRÅ TIEIPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT FOR TILSETTE VED MOTTAK OG OMSORGSSENTER


Eg viser til brev 11.06.2009, der nemnde framlegg er sendt ut på høyring med frist 11.09.2009. Høyringsbrevet er også sendt på e-post til jrs@aid.dep.no.

Regjeringsadvokaten er samd med departementet i at det er føremålstenleg at unntak i utlendingssaker frå tieiplikt og opplysningsplikt for tilsette ved mottak og omsorgssenter vert regulert i lov og forskrift. Regjeringsadvokaten er også samd i at opplysninga av sakene må vera det berande elementet, og sluttar seg til framlegget om kva opplysningar det er føremålstenleg å gje utlendingssaker tilgang til.

Når det gjeld utforminga av endringane i lov og forskrift, har ikkje Regjeringsadvokaten merknader til utkastet til endring i utlendingslova. Til utkastet til endringar i utlendingsforskrifta vil Regjeringsadvokaten nemna at dei to føresegnene §§ 17-7a og 17-7b etter ordlyden begge gjeld "asylsak" (medan utkastet til endring i lova § 84a gjeld "sak etter loven her"). Regjeringsadvokaten har ikkje oversikt over om "asylsak" er definert nokon stad i lova og utkastet til forskrift. Ut frå kapittelinnføringa i utlendingslova (2008) kap 4 og 5 og presiseringa i § 28 er det ikkje opplagt at § 38 om opphald på grunn av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til riket kjem inn under "asylsak". Men Regjeringsadvokaten er kjent med at "asyl" ofte blir brukt som eit samleomgrep på begge desse opphaldsgrunnlag i utlendingssaker og i offisiell statistikk, og les kommentarane i høyringsbrevet slik at begge opphaldsgrunnlag er meint å koma inn under reguleringa av tieiplikt og opplysningsplikt. For å unngå tvil kan det vera føremålstenleg å presisera nærare kva som kjem inn under utkastet §§ 17-7a og 17-7b.

Elles vil Regjeringsadvokaten leggja til at alle opplysningar som utlendingssaker har tilgang til utan hinder av tieiplikt, kan leggast fram for retten i søksmål der det er eit tema om ei avgjerd frå utlendingssaker er gyldig eller ikkje. Dette er eit sjølvstendig ulovfesta prinsipp for heile utlendingssaker, som det heller ikkje her er naudsynt å lovfesta.

Med helsing
REGJERINGSADVOKATEN


Gunnar Ø. Hæreid
advokat

POSTADRESSE:
POSTBOKS 8012 DEP
0030 OSLO
ORG. NR. 974 761 378

TELEFON: 22 99 02 00 / 22 99 02 22
TELEFAKS: 22 99 02 50
E-POST: GOH@REGJERINGSADVOKATEN.NO

GATEADRESSE:
PILESTREDET 19
OSLO